



ÅRDAL HJORT OG ELGUTVAL

Årdal kommune
Landbrukskontoret
6885 Årdalstangen

Dykkar ref	Sakshandsamar	Arkiv	Dato
	Vidar Moen	Søknad om BP	30.04.2016

SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR HJORT I

ÅRDAL KOMMUNE

Bakgrunn for søknad er at kunnskap om hjortebestanden syner at den nyttar så store områder at dagens valdstruktur og forvaltning ikkje er egna til å styre bestandsutviklingen i ønska retning. Samarbeid mellom fleire vald og større områder er naudsynt for auka muligheiten for å kunne styre utviklingen mot ynskjelege mål.

Årdal Hjort og Elgutval har i lag med Utmarksavdelinga til Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA utarbeida ein bestandsplan for Årdal kommune. Plan følger kommunegrensa, alt areal under 900 m.o.h er med i bestandsplan. Plan inneheld konkrete mål og tiltak i planperioden

Plan og vedtekter er gjennomgått og samrøystes godkjent av styret i Årdal Hjort og Elgutval på styremøte 02.02.2016. Den har vert på høyring, tilgjengeleg på Årdal kommune si heimeside, i perioden 17 desember 2015 til 08. januar. Godkjent på årsmøte i Årdal hjort og elgutval og på skipingsmøte til bestandsplanområdet 07.03.2016

Det er planlagt å tildele 202 dyr kvart år i planperioden, med ein avskyting på 70% vil ein ta ut ca 140 dyr pr år. Det er laga litt ulike avskytingsplanar basert på målsettingane i dei ulike driftsplanområda. Noko av det viktigaste med ein slik plan er at den skal gi større ansvar og fridom til valdansvarlege / grunneigarar til å forvalta hjortebestanden på ein effektiv måte slik at alle interessentar i planområdet skal ha glede av hjorten som ein ressurs.

Planen skal gjelda for tidsrommet 2016 – 2018 og skal rullerast i utgangen av perioden

Vi søker om utsetjing på levering av komplett liste med underskrift frå valdansvarlege til 17 mai. Årsak er at dei er lokalisert over store delar av landet og såleis har tatt tid å få tak i.

Krav til vedlegg som ligg ved;

- Kart over yttergrenser for bestandsplanområdet er omtalt i planen.
- Vedtekter for bestandsplanområdet.
- Teljande areal for alle vald, er med i plandokumentet.
- Underskrift frå vald-ansvarlege. Rest vert ettersendt

For Årdal Hjort og Elgutval

Vidar Moen